



Arkitektkontoret Børтveit & Carlsen AS

Hagellia 6

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykker:

Vår: 17/2760 - 17/30032

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

19.10.2017

## Løyve til endring av loftsetasje - gbnr Gbnr 137/562 Alver

**Administrativt vedtak.** **Saknr: 475/17**

**Tiltakshavar:** Elisabeth Gjertsen Heradstveit

**Ansvarleg søker:**

**Søknadstype:** Søknad om endring av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-1 og 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om ettergodkjenning av innreia loftstove og bruksendring i frå tilleggsdel til hovuddel.

Det vert elles vist til søknad mottatt 15.09.2017.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Ikenberget det av gnr 137 plan-id 1263-200202 er definert som bustadområde .

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Nabovarsel

Tiltaket vart nabovarsla i opphavlege søknad. Det er kun utført mindre endringar som kommunen vurderer som i liten eller ingen grad for innverknad på naboar sine interesser. Administrasjonen syner her til innsetting av takvindauge i nord-vestre fasade.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til naboar og gjenbuarar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Vatn og avløp (VA)**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

**Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

**Terrenghandsaming**

Søknad gjeld for fasade og innvendig arbeid. Terrengr og terrenghandsaming er difor ikkje vurdert i dette vedtak.

**Tekniske krav til byggverk**

Det går fram av søknad at bustaden er oppført etter den tids byggeteknisk forskrift, og bustaden vart oppført i 2005. Bustadens ytterflater er bygga etter den tids tekniske krav, og det søkjast om avvik i frå TEK 10 vedkomande ytterflater/fasade for delen som omhandler loftstova.

Krav til rømingsveg er tungtvegande krav og dette må vere sikra for loftsstova.

Loftstova har innsatt vindauge og samt er etablert med altan. Det vurderast som gode nok rømingsvegar for dette arealet.

Når det gjeld øvre krav i teknisk forskrift vurdera administrasjonen slik at loftstova vart etablert i 2015, og vil primært tilfredstille dagens krav i TEK 10.

Administrasjonen finn difor å kunne godkjenne avviket i frå TEK10 for ytterveggar for delen som omfattar loftstova.

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 d, jf. § 20-4 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

1. Løyve til endring gjeld for loftstova som vert innreia til rom for varig opphold, etablert takvindauge og endra plassering av takvindauge på fasade mot nord-vest

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:

**Ansvær**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føreseggnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Elisabeth Gjertsen Heradstveit	Ikenberget 19 A	5911	ALVERSUND